






INNHALD

Teatersjefen si årsmelding	3
Styret si årsmelding	4
Årsrekneskap 2025	6
Notar til årsrekneskapen for 2025	9
Revisormelding	15
Repertoaret 2025	16
Kulturprogrammet i Nynorskhuset	25
For bransjen.....	29
Teater Vestland utvikling	30
Statistikk 2025	32
Folk i sving 2025	35



«Teater Vestland skal halde fram med å vere ein sentral kulturaktør for regionen – med unike og gjenkjennelege opplevingar i lokal språkdrakt.»

TEATERSJEFEN SI ÅRSMELDING

6. oktober 2025 blei underteikna rekruttert som ny sjef ved teateret, for ein fireårig periode, med start 1. januar 2026. Eg var altså ikkje medverkande ved teateret i 2025, men observerte året som høginteressert publikummar, og etterkvart som påtroppande sjef.

2025 har vore eit år prega av høg aktivitet, utvikling og møte med publikum lokalt i Førde og ute på turné. Gjennom framsyningar, turnéar, arrangement og samarbeid har Teater Vestland arbeidd for å skape kunstnarlege opplevingar som engasjerer, utfordrar og samlar menneske på tvers av generasjonar og geografi.

Året har også vore prega av endringar og utfordringar. Teater Vestland har, som mange kulturinstitusjonar, arbeidd innanfor krevjande økonomiske rammer, samstundes som organisasjonen har vore gjennom viktige utviklingsprosessar. Frå min ståstad som påtroppande teatersjef, har eg opplevd at desse utfordringane har blitt møtt med eit stort engasjement, høg fagleg kvalitet og ein sterk vilje til å finne gode løysingar for framtida.

I dei siste åra har vi fått både eit nytt og flott teaterhus i Førde sentrum å boltre oss i, og tatt på oss eit ansvar for å spele teater i heile det nye storfylket Vestland. Derfor er det gledeleg å sjå at publikum framleis finn vegen til framsyningane våre, både i Nynorskhuset og på turné. Kvart møte med publikum minner oss om kvifor scenekunsten er viktig. Teateret er ein stad for forteljingar, refleksjon og fellesskap, men også ein stad der publikum kan sjå verda gjennom andre sine auge.

Nynorskhuset har gjennom året utvikla seg vidare som ein levande kulturarena og møteplass. Her møtest profesjonelle kunstnarar, barn og unge, amatørteatermiljø, samarbeidspartnarar og publikum. Aktiviteten i huset viser kor viktig det er å ha opne arenaer der kunst, språk og kultur kan møtast og utviklast i fellesskap.

Det er også inspirerende å sjå korleis satsingar som Nynorsk Scenespråksenter, teaterskule, amatørteater og ulike publikumsaktivitetar bidreg til å skape opplevingar her og no, men òg engasjement og rekruttering til scenekunstheltet. Gjennom slike tiltak byggjer vi ikkje berre publikum for framtida, men også framtidas kunstnarar, kulturutøvarar og kulturberarar.

Samtidig veit vi at scenekunst ikkje blir skapt av seg sjølv. Bak kvar framsyning og kvart arrangement ligg eit stort arbeid frå tilsette, kunstnarar, frivillige, samarbeidspartnarar og støttespelarar. Eg ønskjer derfor å rette ein stor takk til alle som har bidrege til verksemda i året som har gått.

Vi går inn i framtida med stor respekt for samfunnsoppdraget vårt, og med vissheit om at scenekunsten har ei viktig rolle å spele. Teater Vestland skal halde fram med å vere ein sentral kulturaktør for regionen – med unike og gjenkjennelege opplevingar i lokal språkdrakt, sterke forteljingar som begeistrar og beveger publikum, og møte mellom menneske i sentrum.

Takk til publikum for at de deler opplevingane med oss.

Aslak Moe
Teatersjef

STYRET SI ÅRSMELDING

SAMFUNNSOPPDAG

Teater Vestland er regionteater for Vestland fylke og har som oppdrag å skape, produsere og formidle profesjonell scenekunst av høy kvalitet til publikum i regionen. Gjennom verksemda skal teateret bidra til kunstnarlege opplevingar, refleksjon, fellesskap og samfunnsdeltaking.

Nynorsknære dialektar og lokalt perspektiv er ein sentral del av oppdraget. Teater Vestland skal vere ein viktig arena for forteljingar som spring ut av regionen, og setje lokale erfaringar inn i større samanhengar – men samtidig vice versa – sjå verda frå dette hjørnetav ho. Gjennom framsyningar, formidling og utviklingsarbeid arbeider teateret for å styrke nynorsknære dialektar som scene-språk, for at publikum skal møte scenekunst dei kjenner igjen språkleg. Gjennom turnéverksemd, samarbeid med lokale arrangørar og utvikling av nye møteplassar arbeider teateret for å nå ut til eit breitt publikum i både byar og bygder.

Teater Vestland ønskjer å vere eit teater for alle generasjonar. Arbeidet med barn og unge, amatør-teater, talentutvikling og publikumsutvikling er derfor ein sentral del av samfunnsoppdraget. Gjennom teater-skular i skuleferiane får barn og unge høve til å utforske scenekunst gjennom leik, kreativitet og skaparglede. Teateret samarbeider også med den lokale kulturskulen, og legg kvart år til rette for at teatergruppene deira kan arbeide og spele framsyningar i profesjonelle rammer i Nynorskhuset. Dette gir unge deltakarar erfaring med både scene, scenografi og teaterproduksjon.

Teater Vestland arbeider også for å styrke amatørteater-miljøa i regionen. Gjennom samarbeid med mellom anna Sunnfjord folkehøgskule, Firda vidaregåande skule, Kinnaspelet og andre aktørar, legg teateret til rette for møte mellom profesjonelle kunstnarar og frivillige teater-miljø. Slik blir det skapt arenaer for læring, deltaking og utvikling, på tvers av erfaring og alder.

Nynorskhuset gir nye moglegheiter for samarbeid, formidling og møte mellom kunst, språk og samfunn. Saman med andre aktørar i huset og regionen arbeider Teater Vestland for å skape ein open og inkluderande møteplass der ulike stemmer og perspektiv kan kome til uttrykk.

VERKSEMD OG AKTIVITET

Teater Vestland hadde høg aktivitet gjennom heile 2025, og møtte publikum gjennom profesjonell scenekunst, turnéverksemd, formidling, talentutvikling og publikums-retta aktivitetar i heile Vestland fylke. Verksemda omfattar langt meir enn teaterproduksjonar åleine, t.d opplæring, møteplassar, arrangement og utviklingsprosjekt.

PRODUKSJONAR OG TURNÉ

Gjennom året produserte og presenterte Teater Vestland eit variert repertoar med både nyskriven dramatik, dramatiseringar, familiefamsyningar og historiske forteljingar. Publikum fekk møte produksjonar som Putemannen, Vestlandet, Lucy Barton, Brørne Løvehjarte, Fredrik og Kinnaspelet.

Som regionteater er turnéverksemda ein sentral del av samfunnsoppdraget. Gjennom framsyningar på eigne scener og på turné møtte teateret publikum i både større og mindre lokalsamfunn og bidrog til å gjere profesjonell scenekunst tilgjengeleg rundt i fylket.

PUBLIKUM OG MØTEPLASSAR

Nynorskhuset har etablert seg som ein viktig møteplass for kunst, kultur, språk og samfunn.

Gjennom året har Teater Vestland arrangert ei rekkje publikumsretta aktivitetar i tillegg til dei ordinære framsyningane.

Teaterkafear, kunstnarsamtalar, foredrag og andre arrangement har gitt publikum høve til å møte kunstnarar, fagpersonar og gjester til samtalar om scenekunst, litteratur, språk og aktuelle samfunnstema.

Restauranten og foajéscena vår Røyst har vidareutvikla seg som ein arena for mindre arrangement, samtalar og samarbeid. Gjennom året har rommet vore nytta til ulike kulturarrangement, møte mellom publikum og kunstnarar og aktivitetar i samarbeid med andre aktørar.

Teater Vestland har òg vore vertskap for gjestespel og arrangement frå andre. Dette har bidrege til å styrke Nynorskhuset som ein open kulturarena og gitt publikum tilgang til eit breitt spekter av kunst- og kulturopplevingar.

BARN OG UNGE

Barn og unge er ei prioritert målgruppe for Teater Vestland. Gjennom året har teateret møtt barn og unge både gjennom eigne produksjonar, skuleframsyningar, Den kulturelle skulesekken og ulike aktivitetstilbod.

Teateret har vidareført arbeidet med teaterskule og aktivitetstilbod for barn og unge, med mål om å skape interesse for scenekunst, språk og kultur frå tidleg alder.

Gjennom kurs, verkstader og ferieaktivitetar har barn og unge fått høve til å utforske eigne kreative uttrykk og møte profesjonelle kunstnarar.

Samarbeidet med kulturskular og andre lokale aktørar har vore viktig for å nå ut til nye deltakarar og styrke rekrutteringa til scenekunstheltet.

UTVIKLING OG TALENTARBEID

Utvikling av framtidas scenekunst er ein viktig del av verksemda ved Teater Vestland. Nynorsk Scenespråksenter har gjennom året halde fram arbeidet med å styrke nynorsk scenespråk og bidra til rekruttering og kompetanseutvikling innan scenekunstheltet.

Teateret har også arbeidd vidare med satsingar innan amatørteater, barn og unge og publikumsutvikling. Prosjekt som Lys i bygda, amatørteatersatsinga og andre utviklingsprosjekt har bidrege til å styrke kulturlivet i regionen og skape nye møteplassar mellom profesjonelle kunstnarar og lokalt engasjement.

DIGITAL FORMIDLING

Digital formidling er ein del av Teater Vestland sitt arbeid med publikumsutvikling og tilgjengeleggjering av scenekunst. Gjennom podkasten Bak maska har publikum fått innblikk i produksjonsprosessar, kunstnarlege val og menneska bak framsyningane.

Mot slutten av året vart også satsinga Hi Sia etablert som eit nytt digitalt format som gir publikum innblikk i kvardagen på teateret og livet i Nynorskhuset.

Gjennom kombinasjonen av scenekunst, formidling, møteplassar, talentutvikling og regionale samarbeid har Teater Vestland i 2025 arbeidd for å vere eit teater for heile Vestland

ØKONOMI OG RAMMEVILKÅR

2025 var eit år med høg aktivitet ved Teater Vestland. Gjennom produksjonar, turnéverksemd, formidlingsaktivitetar og utviklingsprosjekt nådde teateret over 23 000 publikummarar i regionen. Barn og unge utgjorde ein viktig del av publikum, både gjennom eigne produksjonar, formidlingstiltak og samarbeid med Den kulturelle skulesekken.

Årsrekneskapen for 2025 viser eit underskot på 2,1 mill. kroner. Resultatet må sjåast i samanheng med eit generelt høgare kostnadsnivå innan produksjon, turnéverksemd og drift, samstundes som teateret har halde oppe aktiviteten og vidareført sentrale satsingar gjennom året.

Teater Vestland har dei siste åra gjennomført ei omfattande omstilling gjennom etableringa i Nynorskhuset. Dette har gitt nye moglegheiter for kunstnarleg aktivitet, samarbeid, publikumsutvikling og utvikling av nye tilbod. Samstundes har det medført eit høgare kostnadsnivå enn det teateret hadde i tidlegare lokale. Arbeidet med å sikre berekraftige økonomiske rammer for verksemda har derfor hatt høg prioritet også i 2025.

Gjennom året har teateret arbeidd målretta med å styrke inntektsgrunnlaget gjennom prosjektmidlar, samarbeid, publikumsutvikling og eigeninntekter. Mellom anna har fleire utviklingsprosjekt fått ekstern finansiering, noko som har bidrege til å styrke aktiviteten og skape nye tilbod til publikum i regionen.

Ved utgangen av året hadde Teater Vestland ein eigenkapital på 2,9 mill. kroner. Styret og leiinga har gjennom året arbeidd med tiltak som skal bidra til å styrke den økonomiske berekrafta i åra framover, samstundes som teateret skal halde fram med å oppfylle sitt kunstnarlege og samfunnsmessige oppdrag.

VEGEN VIDARE

Teater Vestland går inn i dei komande åra med ambisjon om å styrke rolla som regionteater. Gjennom profesjonell scenekunst, turnéverksemd og aktivitet i Nynorskhuset skal teateret halde fram arbeidet med å nå ut til publikum i heile fylket.

Arbeidet med barn og unge, amatørteater og Nynorsk Scenespråksenter vil stå sentralt også framover. Gjennom eigne aktivitetar og samarbeid med kulturskular, kulturaktørar og frivillige miljø ønskjer teateret å bidra til rekruttering, deltaking og utvikling av framtidas scenekunstmiljø.

*Teater Vestland vil vidareutvikle
huset som ein levande møteplass
for scenekunst, språk og kultur,
samstundes som teateret held
fram arbeidet med å bringe
scenekunsten ut til publikum i
heile regionen.*

Nynorskhuset gir nye moglegheiter for samarbeid, formidling og aktivitet.

Samtidig vil arbeidet med å sikre berekraftige økonomiske rammer for verksemda halde fram. Målet er å skape eit teater med rom for både kunstnarleg utvikling, regionalt nærvær og langsiktig drift.

Med eit tydeleg samfunnsoppdrag, sterke samarbeid og eit breitt engasjement i regionen står Teater Vestland godt rusta til å møte framtida.

Rasmus Mo
Styreleiar

ÅRSREKNESKAP 2025

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	Note	2025	2024
Billett og programsal		2 561 588	2 972 998
Anna inntekt	1	9 106 519	5 161 215
Driftstilskot	2	40 223 750	38 714 282
Leigeinntekter	1	817 625	841 786
Sum driftsinntekter		52 709 481	47 690 281
Materialkostnad		734 666	665 545
Kostnad turne/oppøkjande verksemd		1 557 738	1 922 068
Kostnad vedk. lokale	3	11 284 066	10 622 679
Lønskostnad	4, 5	32 227 975	28 709 383
Avskrivning	6, 7	987 286	960 100
Annen driftskostnad	6	7 985 031	6 272 332
Sum driftskostnader		54 776 762	49 152 107
Driftsresultat		-2 067 281	-1 461 826
Renteinntekt		6 865	18 758
Annen finansinntekt		0	65
Rentekostnad		-42 208	-2 978
Annen finanskostnad		-349	0
Årsresultat		-2 102 973	-1 445 981
Disponering av årsresultatet			
Overført frå annan eigenkapital		2 102 973	1 445 981
Sum disponert		-2 102 973	-1 445 981

	Note	2025	2024
EIGEDLAR			
Immaterielle anleggsmiddel			
Prosjekt Nynorskhuset	7	525 000	555 000
Varige driftsmiddel			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	6	5 386 449	5 419 786
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.	6	5 501 325	6 368 983
Sum varige driftsmiddel		10 887 774	11 788 770
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i anna foretak i same konsern		15 000	15 000
Sum finansielle anleggsmidler		15 000	15 000
Sum anleggsmiddel		11 427 774	12 358 770
Omløpsmiddel			
Fordringar			
Kundefordringar	8	284 576	770 244
Andre fordringar	9	524 509	1 130 198
Krav på innbetaling av aksjekapital		-91 544	0
Sum fordringar		717 541	1 900 442
Bankinnskot, kontantar o.l.	10	1 104 411	1 312 425
Sum omløpsmiddel		1 821 951	3 212 867
SUM EIGEDLAR		13 249 726	15 571 636

EIGENKAPITAL OG GJELD**EIGENKAPITAL**

Innskoten egenkapital			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)	11,12	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		100 000	100 000
Opptjent egenkapital			
Annan egenkapital	11	2 841 322	4 944 296
Sum opptjent egenkapital		2 841 322	4 944 296
Sum egenkapital	11	2 941 322	5 044 296

GJELD**Kortsiktig gjeld**

Gjeld til kredittinstitusjoner	13	2 236 709	654 677
Leverandørgjeld		724 832	830 216
Skuldige offentlege avgifter		1 775 822	1 996 538
Anna kortsiktig gjeld	14	5 571 041	7 045 909
Sum kortsiktig gjeld		10 308 403	10 527 341
Sum gjeld		10 308 403	10 527 341
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		13 249 726	15 571 636

Signert elektronisk, sjå side 14.

Førde, 10.03.2026
Styret i Teater Vestland AS

Rasmus Mo
Styreleiar

Rune Hegrenes
Nestleiar

Tora Hodneland
Styremedlem

Hanne Bergliot Oftedal
Styremedlem

Marion Aas Wie
Styremedlem

Aslak Moe
Teatersjef/dagleg leiar

NOTAR TIL ÅRSREKNESEKAPEN FOR 2025

REKNESEKAPSPRINSIPP

Selskapet driv teaterverksemd, primært i Sunnfjord Kommune. Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

INNTEKTER

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leverings-tidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert. Offentlege tilskot vert bokført etter bruttometoden.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige drifts-middel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande. Nedskrivinga vert reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etablerings-tidspunktet.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventa levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla vert kostnads-ført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlike-hald og påkosting/forbetring reknast i forhold til drifts-midlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

IMMATERIELLE EIGENDELAR

Utgifter til eigen utvikling av immaterielle eigendelar kostnadsføres løpande. Utgifter til andre immaterielle eigendelar balanseførast i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar immateriell eigendel og utgiftene kan målast påliteleg. I motsatt fall kostnadsførast utgifter løpande. Balanseført utvikling avskrivast lineært over økonomisk levetid.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

PENSJONAR

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført. Forpliktingar/pensjons-middel knytt til innskotsbasert pensjonsordning er ikkje balanseført. Pensjonskostnaden er lik årets innbetaling.

SKATT

Teatret er ei ikkje-skattepliktig verksemd.

Note 1 Spesifikasjon av anna inntekt

	I år	I fjor
Inntekter frå utleige	817 625	8 417 86
Andre inntekter og tilskot	7 493 073	5 161 215
Vinst ved sal av bustad *	1 613 446	-
Sum	9 924 143	6 003 000

*) Sjå note 6

Note 2 Spesifikasjon av driftstilskot

	I år	I fjor
Ordinært tilskot staten	28 070 000	27 100 000
Ordinært tilskot Vestland Fylkeskommune	9 146 250	8 710 714
Ordinært tilskot Sunnfjord kommune	3 007 500	2 903 568
Periodiserte driftstilskot vedkomande Nynorsketuset.	-	-
Sum	40 223 750	38 714 282

Note 3 Leigeavtalar

	Kostnadsført husleige
Husleigeavtale	8 603 125

Leigeavtalen er inngått for 15 år, med opsjon på 2 gange 5 år. Årleg leige er kr. 8.345.192,48 eks meirverdiavgift.

Note 4 Pensjon

Teateret har ei innskotsbasert pensjonsordning og ei tariffesta AFP-ordning (usikra). AFP-forpliktelsen er ikkje regnskapført som gjeld. Begge ordningane blir finansiert gjennom premie-innbetalningar. Teateret si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tjenstepensjon.

Netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande måte:	I år	I fjor
Premie AFP-ordning	360 768	334 339
Pensjonspremie til innskotsordning	1 917 674	1 955 990
Eigenandel pensjon tilsette	-353 347	-325 315
Netto pensjonskostnad i år	1 925 095	1 965 014

*) Selskapet har i 2025 dekket den årlige premien til den lukka ytelsesbaserte ordninga ved bruk av premiefond. Det er totalt belasta kr. 1.190.193 frå premiefondet. Innestående på premiefond per 31.12 er kr 5.726.278.

Note 5 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader	I år	I fjor
Løner og honorar	26 527 332	23 962 501
Arbeidsgjevaravgift	2 917 806	2 653 187
Pensjonskostnader	1 925 095	1 965 014
Lønnsrefusjon samarbeidsprosjekt	-262 500	-857 500
Andre lønsrelaterte ytingar	1 120 243	986 181
Sum	32 227 975	28 709 383

Det har vore 20 fast tilsette og 1 person på åremål.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	882 678	349 717
Pensjon	75 229	
Anna godtgjersle	-	

Pr 31.12.25 er det ingen lån/trygdgjeving til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar.

Det er ikkje bonusordning i selskapet.

Note 6 Varige driftsmiddel og immaterielle eiendeler

	Personal- husvære	Kunst	Bil	Inventar kontorutst.	Øvrige driftsmidler	Bygning og tekn.inst bygg	Totalt
Kostpris 1.1.	4 921 250	100 000	2 744 160	4 118 685	4 101 184	4 776 739	20 757 017
Tilgang				56 291			56 291
Avgang							-
Kostpris 31.12.	4 921 250	100 000	2 744 160	4 174 976	4 101 184	4 776 739	20 813 309
Akk. avskrivningar 31.12.			2 703 621	1 118 125	3 343 626	2 760 161	9 925 532
Balanseført verdi 31.12.	4 921 250	100 000	40 539	3 056 851	757 558	2 016 577	10 887 774
Avskrivningar i år	-	-	85 985	276 747	97 164	497 390	957 286
Levetid			5-10 år	5-15 år	5-10 år	5-20 år	

*) gevinst ved avgang av bustad bokført til kr. 0 er presentert under anna inntekt i rekneskapen.

Note 7 Immaterielle eigendeler

Immaterielle eigendelar gjeld balanseførte kostnader til prosjekt Nynorskhuset fra 2019. Teateret fekk i 2019 kr. 270.000 i tilskot til dette prosjektet. 40% vart godskreve dei andre deltakarane i prosjektet. Teateret sin andel er gått til frådrag i dei aktiverte kostnadane. Kostnadane har ikkje vore avskrevne før i 2023, når innflytning fant sted.

	Prosjektkostnad	Totalt
Kostpris 1.1.	600 000	600 000
Tilgang		-
Avgang		-
Kostpris 31.12.	600 000	600 000
Akk. avskrivningar 31.12.	75 000	75 000
Balanseført verdi 31.12.	525 000	525 000
Avskrivningar i år	30 000	30 000
Levetid	20 år	

Note 8 Kundefordringar

	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	204 087	727 620
Delkredereavsetning 31.12.	80 487	42 625
Opptjent inntekt	2	1
Kundefordringar 31.12.	284 576	770 246

Note 9 Andre fordringar

	I år	I fjor
Forskotsbetalte kostnader	23 867	98 871
Periodisering av kostnad knytt til framsyningar *)	500 642	1 031 327
Periodisering tilskot, ref. note 6	-	-
Sum	524 509	1 130 198

*) Her ligg det periodisering av kostnader knytt til førestillingar som ikkje har starta speleperioden i 2025. Kostnader knytt til forestillingar/prosjekt kostnadsførast i den perioden der største del av billettinntektene oppstår.

Note 10 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	1 093 998	1 290 271

Note 11 Eigenkapital

	Aksjekapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1	100 000	4 944 296	5 044 296
Resultat i år		-2 102 973	-2 102 973
Eigenkapital 31.12	100 000	2 841 323	2 941 324

Note 12 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

Oversikt over aksjonærane per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigardel
Vestland Fylkeskommune	8	1
Sunnfjord Kommune	2	0
Sum	10	1
Andre	-	-
Totalt	10	1

Note 13 Gjeld

	I år	I fjor
Gjeld sikra med pant		
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	-	-
Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjoner (kassekreditt)	2 236 709	654 677
Sum gjeld sikra med pant 31.12.	2 236 709	654 677

Selskapet har ein kassakreditt limit på NOK 5 mill.

Note 14 Anna kortsiktig gjeld

	I år	I fjor
Skuldig feriepengar/ løn	2 879 030	2 692 761
Påløpne kostnader	116 081	343 301
Periodisering av tilskot/gåvemidlar	2 575 929	4 009 847
Sum	5 571 041	7 045 909

Securely signed with Brevio

This document is electronically signed and sealed with Brevio under **eIDAS**, valid in all EU states. Signatures comply with **eIDAS** and **PADES** standards.

The identities of the signers are listed below:

2026-03-10 14:30:03 UTC+01:00

Rasmus Mo

 bankID

NO BankID - 8dc5318c-cb04-48e8-9efa-fe27f512d685

2026-03-10 16:04:23 UTC+01:00

Tora Hodneland Kildehaug

 bankID

NO BankID - b01cf8cb-33e6-479e-8cc7-73ea81c9f9d5

2026-03-23 12:02:05 UTC+01:00

Aslak Svensgaard Moe

 bankID

NO BankID - 232ef7d2-189d-4cde-99fb-1e1400e3e34e

2026-03-24 11:05:28 UTC+01:00

Hanne Bergliot Oftedal

 bankID

NO BankID - 76f71b62-6f5c-4bab-8957-32dd471ca1a2

2026-03-24 15:26:43 UTC+01:00

Marion Aas Wie

 bankID

NO BankID - 853a17ab-3e5f-4c29-acf2-9a613099ec44

2026-03-24 21:04:51 UTC+01:00

Rune Hegrenes

 bankID

NO BankID - 1b1ea3a6-bde0-4de9-a98e-52779def4df4



This document package contains:

- The original document
- Closing page (this page)



Electronic signatures are not visible but digitally integrated.

Til generalforsamlinga i Teater Vestland AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Teater Vestland AS som er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med den internasjonale revisjonsstandarden for revisjon av rekneskap til mindre komplekse einingar (ISA for MKE). Våre oppgåver og plikter etter ISA for MKE er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA for MKE, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Førde, 10. mars 2026
Tell Norge AS

Jan Flølo
Statsautorisert revisor

(elektronisk signert)

2026-03-10 14:46:23 UTC+01:00

Jan Flølo

 **bankID**

NO BankID - e9020ea6-e7de-4750-bd6c-9f2f5b6c486f

REPERTOARET 2025





Foto: Espen Nytingnes

EIGNE PRODUKSJONAR

PUTEMANNEN

Av **Martin McDonagh**
Omsett av **Tove Bakke**
Regissør **Terje Skonseng Naudeer**
Scenograf og kostymedesignar **Åse Hegrenes**
Lysdesignar **Arne Kambestad**
Komponist og lyddesignar **Eirik Havnes**
Kampsportkoreograf **Kristoffer Jørgensen**
Dramaturg **Kristina Kjeldsberg**
Språkkonsulent **Terje Lyngstad**
Skodespelarar **Idun Losnegård, Gerald Pettersen, Anderz Eide, Ida Marie Bakkerud og Eirik Risholm Velle**
Teaterforlag **Nordiska ApS**

Formidlingsaktivitet:

Høgtlesing frå manus ved skodespelarane
Kunstnarsamtale med **Terje Skonseng Naudeer**
og **Åse Hegrenes**

Podkast:

Terje Skonseng Naudeer og **Kristina Kjeldsberg**

PREMIERE på Teater Vestland og turné i Vestland



1375 publikum
25 framsyningar
2 formidlingsaktivitet



Foto: Espen Nytingnes

EIGNE PRODUKSJONAR

VESTLANDET

Forfatter **Erlend O. Nødtvedt**
Dramatisert av **Eirik Fauske**
Regissør **Eirik Fauske**
Scenograf og kostymedesignar **Mari Lotherington**
Ass. scenograf og kostymedesignar **Thale Kvam Olsen**
Lysdesignar **Eirik Brenne Torsethaugen**
Komponist og lyddesignar **Viljar Losnegård**
Tekstdramaturg **Marit Grimstad Eggen**
Framsyningsdramaturg **Kristina Kjeldsberg**
Språkkonsulent **Terje Lyngstad**
Skodespelarar **Harald Ottesen Nødtvedt**, **Kyrre Eikås Ottersen** og **Madalena Sousa Helly-Hansen**

Formidlingsaktivitet:
Forfattersamtale med **Erlend O. Nødtvedt**

Podkast:
Eirik Fauske og **Kristina Kjeldsberg**

Lys i bygda-turneen er støtta av **Sparebank1 Sogn og Fjordane**

Gjestespel på **Det Vestnorske Teateret** i mai.

URPREMIERE på **Teater Vestland** og turné i **Vestland**

 **2 473** publikum
31 framsyningar
1 formidlingsaktivitet



Foto: Cecilie Molander

EIGNE PRODUKSJONAR

EG ER LUCY BARTON

Av Elizabeth Strout
Dramatisert av Rona Munro
Omarbeidd av Kristina Kjeldsberg
Omsetjar Terje Lyngstad
Regissør Kristina Kjeldsberg
Co-regissør Ingvild Lien
Scenograf Christina Kvamme
Musikk/lyddesign Terje Johannesen
Videodesignar David Lejard-Ruffet
Lysdesignar Kristoffer Nicolaysen
Skodespelar Idun Losnegård

Formidlingsaktivitet:
Kunstnarsamtale med Kristina Kjeldsberg og Ingvild Lien

Podkast:
Idun Losnegård tok over studio i ein serie samtaler med Anne Britt Nummedal Losnegård, Sissel Gran og Heidi Hattestein

NORGESPREMIERE på Teater Vestland og turné i Vestland i 2026

 661 publikum
10 framsyningar
1 formidlingsaktivitet



Foto: David Zadiq

SAMARBEIDSPRODUKSJONAR

BRØRNE LØVEHJARTE

Av **Astrid Lindgren**
Omsetjing **Elise Risnes Eikevik**
Omarbeidd av **Toril Solvang-Kayimbakis**
Regissør **Miriam Prestøy Lie**
Scenograf og kostymedesignar **Tora Troe**
Komponist **Selma Frida Stang**
Lyddesignar **Viljar Losnegård**
Lysdesignar **Arne Kambestad**
Videodesign **Arne Kambestad** og **Tora Troe**
Dramaturg **Kristina Kjeldsberg**
Språkkonsulent **Terje Lyngstad**
Skodespelarar **Filip Kremner, Jonas Stene Skjelde,**
Jacob Nasser, Idun Losnegård og **Kyrre Eikås Ottersen**
Teaterforlaget **Nordiska ApS**

Brørne Løvehjarte er produsert i samarbeid med
Den Nationale Scene.

PREMIERE på Teater Vestland og turné i Vestland



3 698 publikum
25 framsyningar



Foto: Arturo Tovar Lopez

SAMARBEIDSPRODUKSJONAR

GEBROKKENT - EG VIL HEIM

Konsept, regi og manus **Arturo Tovar Lopez**
Produsent **Saifeldin Ali Alshaikh**
Musikk **Jenny Berger Myhre** og **Cisser Mæhl**
Dramaturg **Nelly Winterhalder**

Gebrokkent er eit samarbeidsprosjekt med
Arturo Tovar Lopez.

Prosjektet er støtta av **Kulturdirektoratet** og
Dramatikkens hus.

Formidlingsaktivitet:
Kunstnarsamtale med **Arturo Tovar Lopez**

URPREMIERE på **Teater Vestland**

Høyr Gebrokkent [her](#).



Foto: Cecilia Molander

SAMARBEIDSPRODUKSJONAR

KINNASPELET

Av **Rolf Losnegård**
Komponist **Per Janke Jørgensen**
Regissør **Anethe Alfsvåg**
Kampkoreografi **Kristoffer Jørgensen**
Scenografi **Karel Hlavaty**
Kostymedesign **Karel Hlavaty, Åse Hegrenes**
og **Rakel M. Berge**
Musikalsk ansvarleg **Harald Dahlstrøm**
Instruksjon kor **Sebastian Ryll**

I ROLLENE:
Borni/Sunniva **Carina Furseth**
Magrete prestefrille **Idun Losnegård**
Prest **Kyrre Eikås Ottersen**
Tarve/vikingkongen Ramn **Peder Lauvås**
Danskekongen sin fut **Harald Ottesen Nødtvedt**

Kinnaspelet er eit samarbeid med Kinnaspelekomiteen.
160 amatørar står på scena på Kinn i lag med dei profesjonelle skodespelarane.



1509 publikum
3 framsyningar



Foto: Jostein Vedvik

SAMARBEIDSPRODUKSJONAR

FREDRIK - MUSA SOM SAMLA PÅ SOLSKIN

Forfatter **Leo Lionni**

Skapt og framført av **Kornelia Nicolaysen Melsæter**

Visuelt, musikalsk og teknisk uttrykk **Kornelia og**

Kristoffer Nicolaysen Melsæter

Miniatyrskog er produsert av **Joanna Szczypka**

Ytre auge **Kristoffer Nicolaysen Melsæter, Kyrre Eikås**

Ottersen og Kristina Kjeldsberg

Co-produksjon med **Kornelia Nicolaysen Melsæter**

FREDERICK

Copyright © 1967 by **Leo Lionni**

Copyright © 1995 Fornya av **Leo Lionni**

Brukt med løyve frå **NORAELEO, LLC**

PREMIERE på **Teater Vestland**



333 publikum

15 framsyningar



Foto: David Zadiq

SAMARBEIDSPRODUKSJONAR

AMERIKABREVA

Scenetekst, regi og visuell design **Lene Therese Teigen**
Medskapande skodespelar og produsent **Oda Alisøy**
Komponist/lyddesignar, arrangør, muskar og utøvar
Kjetil Alisøy Søvig
Med på mobil frå Chicago **Rene Fulton**
Rekvisitør **Ada Hesjevoll**
Produsert i samarbeid med **Aldeles Alisøy**

Takk til **Oslo Teatersenter**, **Preform** og **Eldbjørg-akademiet**.

Amerikabreva er produsert på bestilling frå **Vestland Fylkeskommune** i forbindelse med **Utvandrarjubileet 2025**. Støtta av **Vestland Fylkeskommune**, **Stiftelsen Fritt Ord**, **Fond for Frilansere** og **kunstnarane**.

URPREMIERE på **Teater Vestland** og turné i **Vestland**



1645 publikum
24 framsyningar

KULTURPROGRAMMET I NYNORSKHUSET



Produksjonssjef
Frida Aven Høstaker
skulle berre «sjekke
kostymelageret» i
fem minutt. (Ingen
kom uskadde frå det.)



Etableringa i Nynorskhuset har opna for mange nye og produktive samarbeid. I lag med samarbeidspartnarane våre har vi fylt Nynorskhuset med kunstnarsamtalar, bokbad, lunsjkonserter, frukostseminar, plateslepp, kulturkveld, film, framsyning og opera – både i salane våre og på foajéscena. Som alltid i godt kompaniskap med Røyst mat & vin.

FOLKEAKADEMIET

Lunsjkonsert: Duesund

Lunsjkonsert: Erik Lukashaugen

FOLKEAKADEMIET / FJALER TURNETEATER

Framsyning: B. Dybwad Brochmanns
forsvarstale

FØRDE BIBLIOTEK I SUNNFJORD

Forfattarsamtale: Erlend O.
Nødtvedt og biblioteksjef
Jorun Systad

FØRDE MÅLLAG

**Kulturkveld med utdeling av
Målprisen 2025**

HELGE JOHNSEN MED VISER & SLIKT

Plateslepp: Alt er ei reise

NORSK SKUESPILLER- SENTER

Lesesirkel: Mot regn av
Mari Hesjedal

Lesesirkel: Goliat av
Maria Tryti Vennerød

NRK OG FIRDA, SAMT SYSTERSENTERA NORSK MEDIESENTER, NORSK AVISSENTER OG NYNORSK SCENESPRÅKSENTER

Frukostseminar: Språk og
ytringsfridom

Frukostseminar: Språk og makt

Frukostseminar: Kunstig intelligens
og falske nyhende

OPERAKYSTEN

Konsert: Hummer og kanari



Foto: Jostein Vedvik

Masse bransjefolk var innom foajescena i Røyst mat & vin på repertoarsleppet (f.v.): Ingrid Askvik, Birgitte Strid, Aslak Moe, Nils Petter Mørland, Jeff Pedersen, Rolf Losnegård og Kristina Kjeldsberg.

ROM FOR ORD

Litterær samtale: Katrine Sele og Mikkel Bugge

Litterær samtale: Sissel Gran og Joakim Kjørsvik

Litterær samtale: Hilde Rød Larsen

Litterær samtale: Simon Stranger

Litterær samtale: Kjersti Annesdatter Skomsvold og Gaute Heivoll

SUNNFJORD FILMKLUBB

Film: The Banshees of Inisherin

SUNNFJORD KULTURSKULE, DISTRIKTMUSIKARANE

Lunsjkonserter: Å drengen spratt opp

Lunsjkonserter: Når strengar møtest

Lunsjkonserter: Tonediktaren Haarklou

I EIGEN REGI

Teaterkafé: Skodespelarane les høgt frå manus, Putemannen

Teaterkafé: Kunstnarsamtale med Terje Skonseng Naudeer og Åse Hegrenes, Putemannen

Teaterkafé: Kunstnarsamtale med Kristina Kjeldsberg og Ingvild Lien, Putemannen

Lesing: Ein herre med namnet Parkinson med og av Rolf Losnegård

Repertoarslepp 2026: Konstituert teatersjef Kristina Kjeldsberg pakka opp ei heil gåveøskje med teateropplevingar for neste år.

Sissel Gran og Joakim Kjørsvik på foajescena i samarbeid med Rom for ord. Etterpå gjekk Sissel Gran vidare i podkast-studio med Idun Losnegård til ein prat om fram-syninga Eg er Lucy Barton. Terapeuten hjalp oss å forstå både mora og Dottera. Lytt [her](#).



Foto: Heidi Hattstein

GJESTESPEL I NYNORSKHUSET

Riksteatret: Prima Facie

Teatret Vårt: Eg har ikkje ord

Finn Tokvam: Velkommen

Finn Erix Basarkonsert

DKS: Mali befaler

DKS: Den andre vikaren





FOR BRANSJEN

BRANSJETREFF

På hausten samla vi bransjen til bransjetreff med fokus på samtidsdramatikk. Forteljingane som spring ut av vår eiga tid kan både spegle oss og stille spørsmål som utfordrar.

LESESIRKEL

I samarbeid med Norsk skuespillersenter har vi hatt to lesesirklar med folk frå bransjen.

Mot Regn av Mari Hesjedal

Goliat av Maria Tryti Vennerød

NYNORSK SCENESPRÅKSENTER

Vi jobbar for levande og truverdig bruk av nynorsk på alle norske scener i teater, film og lydproduksjon.

Kull 1: Stine Elverhøi Johnsen, Jacob Nasser, Arjan Nilsen og Pernille Sandøy

Arbeidsvisning: Vi har så korte armar av Olaug Nilssen

Podkast: Har dei blitt vestlendingar no?

Kull 2: Margrethe Grodås, Kjetil Solberg Stavenes, Petter M. Westlund og Katrine Lovise Øpstad Fredriksen

Arbeidsvisning: Nære relasjonar av Maria Tryti Vennerød

Podkast: Bak maska med kull 2



TEATER VESTLAND UTVIKLING



HOS OSS ER DEI YNGSTE SVÆRT VELKOMNE!

Heilårig teaterskule for
80 elevar i samarbeid med
Sunnfjord kulturskule.

Vårframsyning:
Peer av Knut Nærum

Hautframsyning:
Super av Knut Nærum

Teaterskule i feriane, med
framsyning for familie og
venner på avslutningsdagen

Sirkusskule i vinterferien

Teaterverkstad i haustferien

AMATØRTEATER

Rundt 20 amatørar laga god stemning i Nynorskhuset gjennom heile året.

Framsying vår: Spoon River Anthology

Framsying haust i samarbeid med Sunnfjord Folkehøgskule: Du er perfekt, men...

Kulturnatt i Førde: Stolpejakt-teater rundt omkring i heile Nynorskhuset



11 013 publikummarar var innom Teater Vestland i Nynorskhuset i 2025. Sjå side 26–33.

STATISTIKK 2025



FRAMSYNINGAR OG PUBLIKUMSTAL

	Besøkstal	Framsyningar	Konsertar	Formidlings- arrangement
--	-----------	--------------	-----------	-----------------------------

EIGENPRODUKSJONAR

Putemannen	1375	25		2
Vestlandet	2473	31		1
Eg er Lucy Barton	661	10		1
Ein herre med namnet Parkinson	131	0		1

NYNORSK SCENESPRÅKSENTER

KULL 1: Første visning	66	1		
KULL 1: Internvisning	10	1		
KULL 1: Opa arbeidsvisning	24	1		
KULL 2: Opa arbeidsvisning	48	1		
KULL 2: Første visning	20	1		

GJESTESPEL

Riksteatret: Prima Facie	195	1		
Teatret Vårt: Eg har ikkje ord	301	3		
DKS: Mali befaler	908	4		
Finn Tokvam: Velkomen	1071	4		
Finn Erix basarkonsert	427	2		
DKS: Den andre vikaren	964	4		

SAMARBEIDSPROSJEKT

Brørne Løvehjarte	3 698	25		
Fredrik - musa som samla på solskin	333	15		
Kinnaspelet - Songen ved det store djup	1509	3		
Torn&Rose i Eventyrland	2 959	26		
B.Dybwad Brochmanns forsvarstale	321	9		
Amerikabreve	1645	24		
Kulturkveld med Førde Mållag	30	1		
Du er perfekt, men... (Sunnfjord Folkehøgskule og Amatørteatergruppa)	130	1		
Distriktsmusikarane 11. september	48		1	
Distriktsmusikarane 23. oktober	11		1	
Distriktsmusikarane 26. november	31		1	

TVL UTVIKLING

TVL Ung (Sunnfjord kulturskule)				
Heilårleg teaterskule inkl. TVL ung våren 2025	171			19
Vårframsyning 2025: PEER	487	4		
Heilårleg teaterskule inkl. TVL ung hausten 2025	190			19
Hautframsyning 2025: SUPER	359	4		

	Besøktal	Framsyningar	Konsertar	Formidlings- arrangement
Ferieteaterskule				
Sirkusskule (Vinterferieskule)	75	1		5
Teaterverkstad (Haustferieskule)	80	1		5
 Amatørteater våren 2025	 288			 12
Amatørteatervisning 19. mai	48	1		
Amatørteater Kulturnatt	36	3		
Amatørteater hausten 2025	360			18

FORMIDLINGSARRANGEMENT

Litterær samtale med Katrine Sele og Mikkel Bugge	86		1
Litterær samtale med Sissel Gran og Joakim Kjørsvik	80		1
Litterær samtale med Hilde Rød Larsen	54		1
Litterær samtale med Simon Stranger	25		1
Litterær samtale med Kjersti Annesdatter Skomsvold og Gaute Heivoll	43		1
Frukostseminar: Språk og ytringsfridom	70		1
Frukostseminar: Språk og makt	131		1
Frukostseminar: Kunstig intelligens og falske nyhende	46		1
Repetoarslepp 2026	56		1
Bransjetreff	30		1
Gebrokkent, lansering kulturnatt	10		1
Lesesirkel i samarbeid med Norsk skulespillersenter 5. mars: Mot regn	9		1
Lesesirkel i samarbeid med Norsk skulespillersenter 2. mai: Goliat	10		1

NØKKELTAL 2025

Tal framsyningar	207
Totalt publikum	23 456
Tal publikum på eiga scene	11 013
Tal publikum på turne	10 272
Tal publikum på konsert	90
Tal publikum på kunstnarlege arrangement	21 375
Tal formidlingsarrangement	96
Tal publikum på formidlingsarrangement	2 081
Tal framsyningar på eiga scene	104
Tal framsyningar på turne	103
Tal kommunar besøkt i Vestland	25
Tal ulike spelelokaler totalt	32

FOLKISVING 2025



FOLK I SVING

LEIING

Kristina Kjeldsberg – konstituert teatersjef
(slutta 31.12.2025)

Aud Marie Åsen – direktør

PRODUKSJON OG TEKNISK AVDELING

Saif Eldin Alshaikh – aspirant
(aspirant fram til juli)

Ane Stavnes Borøchstein – prosjekt-
koordinator og turnéprodusent (slutta i
desember)

Svitlana Datseva – kostymemakar

Lillian Digernes – reinhaldar (slutta i
september)

Svein-Yngve Haukeland – teknisk og
snikkar

Odd Magne Herland – teknisk

Halldor Horne – teknisk

Frida Aven Høstaker – produksjonssjef
(starta i april)

Magne Gjeraker – lysteknikar

Stina Lunde – kostymeansvarleg

Synnøve Ringdal – rekvisitør

Christina Schwanitz – inspisient

Reidun Støfring – inspisient og konstituert
produksjonssjef (januar – april)

Joanna Szczypka – målar

Theodor Wilhelm Thorne – teknisk sjef
(slutta i november)

Robert Tomkiewicz – lyd og AV-ansvarleg

MARKNAD – SAL OG INFORMASJON

Lene Grande – informasjonssjef og
marknadssjef (slutta 31.12.2025)

Lise Hafstad – publikumsvert

Heidi Hattestein – informasjonsrådgjevar

Rene Nordvik – sals- og marknadsans-
varleg

Ann Sylvi Nyrud – publikumsvert

Andrine Aas Wie – publikumsvert

Marionn Aas Wie – marknadsrådgjevar

ADMINISTRASJON

Reinert Hukset – økonomimedarbeidar

SKODESPELARAR FAST TILSETTE

Idun Losnegård – Putemannen | Eg er Lucy
Barton | Brørne Løvehjarte | Kinnaspelet

Kyrre Eikås Ottersen – Vestlandet | B.
Dybwad Brochmanns forsvarstale | Brørne
Løvehjarte | Kinnaspelet

SKODESPELARAR – ENGASJERTE

Heven Ali – Gebrokkent – eg vil heim

Oda Alisøy – Amerikabreva

Ida Marie Bakkerud – Putemannen

Zebib Micheal Berhane – Gebrokkent –
eg vil heim

Pablo Dourojeanni – Gebrokkent – eg vil
heim

Anderz Eide – Putemannen

Kristi-Helene Giæver Engeberg – Brørne
Løvehjarte (DNS)

Dilanka Fernando – Gebrokkent – eg vil
heim

Jonatan Filip – Brørne Løvehjarte (DNS)

Carina Furseth – Kinnaspelet

Madalena Sousa Helly-Hansen – Vest-
landet

Kamilla Grønli Hartvig – Brørne Løve-
hjarte (DNS)

Kristian Berg Jåtten – Brørne Løvehjarte
(DNS)

Filip Kremner – Brørne Løvehjarte

Peder Lauvås – Kinnaspelet

Kornelia Nicolaysen Melsæter – Fredrik –
musa som samla på solskin

Watandost Momand – Gebrokkent – eg
vil heim

Jacob Nasserli – Brørne Løvehjarte

Harald Ottesen Nødtvedt – Vestlandet |
Kinnaspelet

Gerald Pettersen – Putemannen | Brørne
Løvehjarte (DNS)

Netdao Kamjan Reisersen – Gebrokkent
– eg vil heim

Jonas Stene Skjelde – Brørne Løvehjarte

Eirik Risholm Velle – Putemannen

REGISSØRAR

Anethe Alfsvåg – Kinnaspelet

Eirik Fauske – Vestlandet

Kristina Kjeldsberg – Eg er Lucy Barton

Miriam Prestøy Lie – Brørne Løvehjarte

Ingvild Lien – co-regissør Eg er Lucy
Barton

Arturo Tovar Lopez – Gebrokkent – eg vil
heim

Terje Skonseng Naudeer – Putemannen

Lene Therese Teigen – Amerikabreva

DRAMATIKARAR

Eirik Fauske – Vestlandet

Toril Solvang-Kayimbakis – Brørne
Løvehjarte

Kristina Kjeldsberg – Eg er Lucy Barton
(omarbeidd manus)

Arturo Tovar Lopez – Gebrokkent – eg vil
heim

Rolf Losnegård – Kinnaspelet

Martin McDonagh – Putemannen

Kornelia Nicolaysen Melsæter – Fredrik –
musa som samla på solskin

Rona Munro – Eg er Lucy Barton

Lene Therese Teigen – Amerikabreva

SCENOGRAFAR

Åse Hegrenes – Putemannen

Karel Hlavaty – Kinnaspelet

Christina Kvamme – Eg er Lucy Barton

Thale Kvam Olsen – assisterande sceno-
graf Vestlandet

Mari Lotherington – Vestlandet

Joanna Szczypka – miniatyrskog Fredrik –
musa som samla på solskin

Tora Troe – Brørne Løvehjarte

KOSTYMEDESIGNARAR

Rakel M. Berge – *Kinnaspelet*
Åse Hegrenes – *Putemannen / Kinnaspelet*
Karel Hlavaty – *Kinnaspelet*
Mari Lotherington – *Vestlandet*
Thale Kvam Olsen – *assisterande kostymedesignar Vestlandet*
Tora Troe – *Brørne Løvehjarte*

REKVISITØR

Ada Hesjevoll – *Amerikabreva*

VISUELT UTTRYKK

Kornelia og Kristoffer Nicolaysen
Melsæter – *Fredrik – musa som samla på solskin*
Lene Therese Teigen – *Amerikabreva*

LYSDESIGNARAR

Arne Kambestad – *Putemannen / Brørne Løvehjarte*
Kristoffer Nicolaysen Melsæter – *Eg er Lucy Barton*
Eirik Brenne Torsethaugen – *Vestlandet*

LYDDESIGNARAR

Eirik Havnes – *Putemannen*
Terje Johannesen – *Eg er Lucy Barton (musikk og lyddesign)*
Viljar Losnegård – *Vestlandet / Brørne Løvehjarte*
Kjetil Alisøy Søvig – *Amerikabreva*

MUSIKARAR

Harald Dahlstrøm – *musikalsk ansvarleg Kinnaspelet*
Arne Skarvatun Hammer – *Kinnaspelet*
Rolf Prestø – *Kinnaspelet*
Kjetil Alisøy Søvig – *Amerikabreva*
Grethe Tonheim – *Kinnaspelet*
Jacob Wyrztz – *Kinnaspelet*

KOMPONIST

Eirik Havnes – *Putemannen*
Viljar Losnegård – *Vestlandet*
Per Janke Jørgensen – *Kinnaspelet*
Selma Stang – *Brørne Løvehjarte*
Kjetil Alisøy Søvig – *Amerikabreva*

MUSIKK

Jenny Berger Myhre – *Gebrokkent – eg vil heim*
Cisser Mæhl – *Gebrokkent – eg vil heim*

MUSIKALSK UTTRYKK

Kornelia og Kristoffer Nicolaysen
Melsæter – *Fredrik – musa som samla på solskin*

PRODUSENT

Oda Alisøy – *Amerikabreva*
Saifeldin Ali Alshaikh – *Gebrokkent – eg vil heim*

YTRE AUGE

Kristina Kjeldsberg – *Fredrik – musa som samla på solskin*
Kristoffer Nicolaysen Melsæter – *Fredrik – musa som samla på solskin*
Kyrre Eikås Ottersen – *Fredrik – musa som samla på solskin*

DRAMATURG

Marit Grimstad Eggen – *tekstdramaturg Vestlandet*
Kristina Kjeldsberg – *Putemannen / Vestlandet (framsyningsdramaturg)*
Nelly Winterhalder – *Gebrokkent – eg vil heim*

KAMPSPORTKOREOGRAF

Kristoffer Jørgensen – *Putemannen / Kinnaspelet*

ANDRE ENGASJERTE

Svein Inge Bjørkedal – *lydteknikar Eg er Lucy Barton*
Alf Otto Førde – *sjåfør og teknikar Brørne Løvehjarte*
John Kaare Hoversholm – *inspisient og turnéleiar Putemannen*
Frida Norris Kveane – *sufflør Putemannen / Eg er Lucy Barton / Brørne Løvehjarte*
Kristoffer Nicolaysen Melsæter – *teknikar Vestlandet*
Kornelia Nicolaysen Melsæter – *teknikar Vestlandet*
Vilde Hansen Sævik – *inspisient Vestlandet*
Jostein Ratama – *lysteknikar Putemannen*
Kristin Sandal – *inspisient Brørne Løvehjarte*
Jan Tjønneland – *teknikar Eg er Lucy Barton*

INSTRUKTØRAR/LÆRARAR

Ida Minquan Breivik – *sirkusskule*
Kornelia Nicolaysen Melsæter – *teaterverkstad*
Jeff Pedersen – *amatørteater for vaksne*
Greta Pemberton – *instruktør heilårig teaterskule for born*
Jeanette Rasmussen Smørdal – *sirkusskule*

NYNORSK SCENESPRÅKSENTER

Eldbjørg Lognvik – *fagansvarleg og logoped*
Terje Lyngstad – *språkkonsulent*
Synne Solberg – *avdelingsleiar*

Vi har kopla på straumen og er klare for eit nytt teaterår!

TEATERVESTLAND.NO

